

ng til seminar



FRÅ SVERIGE: Nina Björk er forfattar, litteraturvitar, frilansjournalist og feminist. Ho bur i Skåne.

FOTO: NINA BJÖRK



OM SKAM: Gry Stålsett er psykologspesialist og førsteamanuensis i religionsfilosofi. Ho har særleg arbeidd med å setja på dagsorden dei utbreidde skamlidingane i vår tid.

FOTO: GRY STÅLSETT

I tillegg til foredraga skal Skjervheimsprisen 2018 delast ut. Den er på 50.000 kroner som er finansierte av ein anonym gjevar i Oslo.

Denne vert tildelt nokon som har markert seg med sterkt samfunnsengasjement «i Skjervheim si ånd».

Det kan vera gjennom bidrag til den offentlege debatten, eller gjennom ulike lokale og ubyråkratiske tiltak i det sivile sam-

funnet, utanfor dei store sentralt drivne offentlege systema.

Baljelauget kjem til Stalheim for å spela konsert før middag laurdag.

Ser fram til ordskiftet

Samnøy ser spent fram til alle foredraga, men dreg spesielt fram svenske Nina Björk.

– Ho er den einaste som ikkje er norsk, så ho kan gje eit lite skråblikk utanfrå.

Samnøy håpar både eldre og studentar vil hiva seg med i debattane.

– Det vert tankevekkjande, gode foredrag heile helga. Eg ser veldig fram til ordskiftet og kva folk finn mening i å snakka om.

► **Siri Flatlandsmo**
sfl@avisa-hordaland.no

Lesehestar på Voss og i Granvin las 3293 bøker

Ein stor del av elevane på barneskulen i framtidige Voss herad brukte tid på spennande bøker i sommar.

► BIBLIOTEK

Oppslutnaden om Sommarles var stor i Granvin, til liks med mange andre av kommunane i Hordaland. Biblioteket i Granvin registrerte at dei 34 elevane som var med i Sommarles-kampanjen las imponerende mange bøker: 525 i alt! Sidetalet er også rekna saman, til 63.454 sider! Fordelt på kvar brukar er det over 15 bøker i snitt, og 1.866 sider på kvar. 60,7 prosent av elevane i målgruppa var med.

I Hardanger er dei berre slått av Ullensvang, som hadde 66 prosent av elevane med. Ungane i Granvin ser derimot ut til å toppa fylkesstatistikken med sitt høge snitt i talet på sider dei har lese. Mot helga vert det halde avslutningsfest for lese-kampanjen i Granvin, med utdeling av diplom og anna moro, opplyser biblioteksjef Theresa Wallevik.

Fleire på Voss

På Voss har 250 born vore med på Sommarles i år, opplyser biblioteksjef Inger Dyrnesli. Det er over 100 fleire enn i fjor og utgjør 20,7% av elevane i barneskulen. Dei har lese 302 912 sider og 2768 bøker, rundt elleve bøker i gjennomsnitt på kvar.



LESEGLEDE: Unge lesarar i Kulturbanken i Granvin ved opninga i 2016.

ARKIVFOTO SIGRID SEIM

Biblioteket har delt ut 300 premiar. Den mest populære premien var armband.

Torsdag er det Sommarles fest i biblioteket. Andrea Salbu les egne dikt, Trond Magnum har show og det blir trekt premiar mellom alle som møter opp, opplyser Dyrnesli.

Skal inspirera

I Hordaland har 28 av dei 33 kommunane vore med på den landsdekkjande kampanjen Sommarles. Måler er at borna frå 1. -7. trinn skal verta inspirerte til å lesa i sommarhalvåret, for å halda ved like og til og med auka lesedugleiken gjennom ein lang sommarferie.

Kampanjen er nettbasert, der

dei vert inspirerte til å lesa bøker, gjennom å samla poeng, få oppgaver og tena seg digitale trofeer. Det vankar også små gaver, som dei kan henta ut.

– Kampanjen er populær, og slår særleg godt an mellom gutar, som elles ikkje les så mykje som jenter plar gjera, opplyser Ruth Ørnholt og Sigrid Furnes ved Fylkesbiblioteket.

Det er vanleg at dei små kommunane hevdar seg godt, for dei når ut til fleire elevar enn i kommunar med mange og ofte store skular. I Hordaland toppa Masfjorden med heile 91,5 prosent deltaking.

► **Sigrid Seim**
ss@avisa-hordaland.no

Den norske kulturarven

Typisk norsk – ikkje berre norsk er tema for Kulturminnedagane, som går denne veka.

► KULTURMINNEDAGANE

Temaet er valt ut frå eit ynskje om å setja søkeljoset på den norske kulturarven og på kva som definerer han. Kva er norsk og korleis påverkar og vert lokalsamfunn påverka av møte med andre kulturar og menneske frå andre nasjonar? I år er Kulturminnedagane

ein del av Det europeiske kulturarvåret 2018, eit initiativ frå Europarådet og EU. Dagane vert markerte i meir enn 50 land.

Hardanger folkemuseum har lagt si markering til Agatunet no på sundag. Då vert det liv og røre, og massevis av aktivitetar for små og store, i museumstunet. I år vert også eit nytt bygg i tunet opna: husmannsplassen Skarebakken

► **Nils Kvamsdal**
nk@avisa-hordaland.no

Ei hylling av sola og alt som lever

Å laga ein musikkysklus og ein CD som ideelt sett berre skal framførast og lyttast til fire spesifikke datoar i året kan synast som eit sært og smalt konsept.

► PLATEMELDING

Benedicte Maurseth og Berit Opheim
Tidekverv
Grappa Musikkforlag



Jolesongane er vel elles det næraste me kjem musikk som er fullstendig sesongbestemt. Plukka fram og pøst ut over land og folk frå starten av advent og til nyttår, for så å gå i dvale resten av året. Vel finst det påskesalmar òg, men dei har aldri hatt same gjennomslagskrafta som jolesongane.

Men for jolesongane sin del, snakkar me i alle fall om ein sesong som varer i ein måned. Benedicte Maurseth og Berit Opheim har med musikken Tidekverv sett ein ny standard: musikken er laga for, og i utgangspunktet tenkt framført rundt, dei fire årlege merkedagane vintersolkverv, vårjamdøgn, sommarsolkverv og haustjamdøgn. Dagar som i folketrua var knytte opp til mektige krefter og magiske tildragingar ein kunne sjå langt etter resten av året.

Så er det likevel ingen ting sært med Tidekverv. Berre ei sterk, mektig og vakker hylling av sola, livet og alle funksjonane som følger årstider og og skiftingane i natur, kropp og sinn.

All musikken er laga av Benedicte og Berit, medan tekstane som fylgjer dei fire tidekverva – og som utgjør fire av dei ni delene i verket – er skrivne av Bergsveinn Birgisson og Erlend O. Nødtvedt. Våre to strålande folkemusikarar har hatt med seg to andre musikarar frå øvste hylla, både på scene og i studio: tidleg musikk-meister Rolf Lislevand på lutt, el-gitar og el-bass, og Håkon Mørch Stene på vibra-



TIDEKVERV: Plata får full pott av Hordaland sin melder.

fon, perkusjon og elektronikk. Arrangementa har dei fire utvikla i lag.

Tidekverv framstår som eit særdeles gjennomarbeidd og vellukka musikkverk. Ikkje berre fylgjer stemningane i musikken årstidene dei illustrerer, men også element som den klokke- og klokkespelliknande rytmikken i Tidekverv II, den gryande vårkjensla i Vårjamdøgn, den gangardansande Sommarsolkverv, den vemodig tenksame tonen i Tidekverv I og den isklare tonen i Den 5. gorrlause, skapar ein perfekt tilpassa stemning.

Dei to diktarane har gjort eit strålande arbeid med teksten. Dei har nytta seg av dei klassiske folkesong-grepa med repeterte liner midt i og/eller på slutten av kvar strofe. Samstundes er tekstane er moderne i ordval og uttrykk. Som i fyrste strofa av teksten til Haust:

Eg har lagt ned sylte og eg har koka kraft
– Primstaven syner Mikael's lur
i glaslet flyt eit minne om sommarens si kraft
– ljøs og mørker einast som brudgom og brur.

► **Nils Kvamsdal**
nk@avisa-hordaland.no